



Møteprotokoll

Utval:	Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne
Møtestad:	Kommunesenteret møterom 3109
Dato:	09.06.2026
Tid:	Kl. 11:00 - 13:00

Følgjande medlem møtte

Elisabeth Scheen Bøe

Maria Ulvedal

Merete Tisthamar

Inge Fænn

Astrid Palma Sandvik

Parti

H

R

Forfall meldt frå følgjande medl.

Oddmund Teigland

Parti

Følgjande varamedlem møtte

Parti

Andre som møtte:

Knut Johan Tjugen

Underskrifter:

Inge Fænn
-leiar-

Jannike Sunde
folkehelse rådsgjevar

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
012/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
013/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
014/26	Referatsaker
015/26	Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030 - Vedtak av plan

012/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 09.06.2026:

Handsaming:

REF- 012/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

013/26: Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 09.06.2026:

Handsaming:

REF- 013/26 Vedtak:

Protokoll frå forrige møtet vart godkjent.

014/26: Referatsaker

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 09.06.2026:

Handsaming:

Pål Taraldsen møtte

Kommunedelplan helse og sosial:

Handsaming: Rådet tek planen til vitande

Orientering status miljøgata:

Handsaming: Rådet tek orienteringa til vitande

Uttale vedrørande diskusjonen om Bustadpolitisk plan:

Utifrå ordsiftet om bustadpolitisk handlingsplan mellom anna i utvalet for samfunnsutvikling, ønskje eg som leiar i rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne å kome med nokre presiseringar.

- Vi er heilt samde i at kommunen legg til rette for å bu lengst mogeleg i eigen heim

- Vi meiner også at det er ein god tanke å bygge omsorgsbustadar i tilknyting til alders- og sjukeheim, men det løyser ikkje alle problem.

Rådet har heile tida vore opptekne av at bustadpolitisk handlingsplan og helseplanen må sjåast i ein samanheng.

Det vi veit er at talet på eldre er aukande medan talet på hjelpande hender kan gå ned. Det å bu lengst mogeleg i eigen heim løysar ein ikkje berre med å få vitjing av heimehjelp og datastyrt utdeling av tablettar.

Det er mange andre ting eldre kan trenge hjelp til. Hente ved, skufle snø, ordne kring huset, trille ut søppel til avtalt tid.

I dag ser vi at sjølv i kommunale byggefelt ved Stryn sentrum er det stadig fleire som ønskjer å selje for å flytte til eit meir lettstelt husvære i sentrum. Hus og hage kan seljast vidare til unge familiar i ein etableringsfase.

Olden har funne si løysing, Loen har kome med eit innspel som ser ut til å løyse seg i samband med den planlagde sentrumsutbygginga til Hotel Alexandra.

For mange vil det sitje langt inne å flytte frå eigen heim til omsorgsbustad, men vi har fått mange innspel frå folk som kunne tenkje seg eit enklare husvære ved Stryn sentrum som eit godt alternativ.

Det blir vist til kort avstand til butikk, kulturhus, helsehus og bibliotek. Meir sosialt samvær. Då vil dei framleis bu i eigen heim, men har ikkje same trongen for hjelp.

Det vil også vere meir effektiv utnytting av heimehjelps ordninga om det skulle melde seg trong for det.

Stryn kommune kan ikkje bygge husvære, men dei kan vere tilretteleggjar for høveleg tomt og også vere døroppnar til Husbanken. Rådet har fått fleire innspel frå interesserte utbyggjarar.

Nokon oppfattar dette som sentralisering, men frå rådet sin ståstad er dette betre tilrettelegging for ein god alderdom. Vi er samde i at det er viktig med lys i alle vindauga kring i kommunen, men det er ikkje dei eldre sitt ansvar. Det er ungdomen sitt ansvar. Vi ser også at dersom det er gardsbruk og snakk om eit hus nummer to er det vanskeleg å kome ned på jorda.

Det er greitt at eldre skal bu lengst mogleg heime, men når du kjem til kommunen sitt ansvar til å framstille bustadar til dei med behov for tilrettelagde bustadar, evt med bistand for heimetenester, då må kommunen stimulere til bustadar som er bærekraftige for helsesektoren.

REF- 014/26 Vedtak:

Referatsaker vert teke til vitande.

015/26: Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030 - Vedtak av plan

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Stryn kommune vedtek «Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030».

Utval for helse og sosial 04.06.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

UHS- 024/26 Vedtak:

Stryn kommune vedtek «Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030».

Utval for oppvekst 04.06.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes tilrådd.

UOP- 018/26 Vedtak:

Stryn kommune vedtek «Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030».

Utval for samfunnsutvikling 04.06.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

USA- 031/26 Vedtak:

1. Stryn kommune vedtek «Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030».

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 09.06.2026:

Handsaming:

Vurdering:

Det er positivt at Stryn kommune får ein plan som set fokus på den ressursen som ligg i frivillig arbeid. I ei tid med stadig fleire eldre med god helse opp i høg alder, er det viktig at også den gruppa kjem med i det frivillige arbeidet i større grad enn tidlegare. Det er mange ressurspersonar med lang fartstid frå frivillig arbeid i ulike organisasjonar. Dei har lang røynsle og kunnskap som dei som skal føre det friville arbeidet vidare kan dra nytte av. Eit samarbeid mellom unge og eldre kan vere positivt for begge partar, og for eldre er det spesielt viktig med aktivitet med tanke på ein betre kvardag. Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne ser det som viktig at begge desse gruppene får sin rettkomne plass i den delen av det frivillige arbeidet der dei framleis har mykje å tilføre.

Kommunen vert oppmoda til å vere meir proaktive til forpliktande samarbeid når det kjemt til lag og organisasjonar med eldre som målgruppe, og vil invitere samfunnskontakt til orientering og dialog til rådet og eldre og personar med nedsett funksjonsevne.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes tilrådd.

REF- 015/26 Vedtak:

Stryn kommune vedtek «Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030».